

Møteprotokoll

Utval: Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad: Finden Gard, Vik
Dato: 19.09. – 20.09.2017
Tidspunkt: 11:30, 19.09 – 12:00, 20.09.2017

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Olav Turvoll	Leiar	VIK
Sigbjørn Hauge	Nestleiar	VOSS
Karen Marie Hjelmeseter	Medlem	SFFK
Liv Anne Aanesen	Medlem	MODA

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Inger Ulvund	MEDL	HOFK
Frode Merkesvik	MEDL	HØY

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Inge Brekke	Frode Merkesvik	HØY

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær/forvaltar

Andre:

Veronika Seim Bech Landbrukssjef Vik kommune

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Elektronisk godkjent av:

Olav Turvoll Sigbjørn Hauge

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 10/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 11/17	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 12/17	Referatsaker		
RS 6/17	Referat frå synfaring på ny sti mellom Solrenningane og Ålrekelvi 06.07.2017		2016/3073
RS 7/17	Oppsummering frå synfaring på stiar frå Tenne - Fossesete - Vatnavatni - Urdaskardet og til Hestfjellet		2014/2116
RS 8/17	Historikk om Stølsheimen		2017/2766
RS 9/17	Referat frå møte om besøksstrategi for Stølsheimen landskapsvernområde 21. juni 2017		2017/559
ST 13/17	Delegerte saker		
DS 8/17	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til landing med helikopter ved Hanekamstølen		2017/2402
DS 9/17	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til utbetring av stølsvegen mellom Nese og Rosete		2014/2116
DS 10/17	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve for Harald Arne Balevik til helikoptertransport til Hallsetstølen i Vik		2017/2696
ST 14/17	Stølsheimen landskapsvernområde - motorferdsel i samband med kvisting av skiløype		2017/2079
ST 15/17	Stølsheimen landskapsvernområde - enkel tilrettelegging av sti mellom Vatnane og Åsedalen		2017/2997
ST 16/17	Stølsheimen landskapsvernområde - skilt ved kulturminne Halldorstuff`na		2017/2350

ST 10/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 19.09.2017

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

ST 11/17 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 19.09.2017

Vedtak

Sigbjørn Hauge vart valt til å skriva under møteprotokoll saman med styreleiar. Protokollen vert elektronisk godkjent.

ST 12/17 Referatsaker

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 19.09.2017

Referatsakene (RS) vart lagt fram til orientering. Styret behandla fylgjande RS-saker:

RS 9/17

Besøksstrategi var tema på styremøte 19. og 20 september. Styret var på tur til Finnabotnen og på Finden gard i Finna fjorden. Denne turen og innspel frå referansegruppa i møte 21. juni i år, danna grunnlag for diskusjon om besøksstrategien. Rapport frå brukarundersøkinga i Stølsheimen skal vera klar til februar 2018. Rapporten vil vera eit viktige grunnlagsdokument når styret skal diskutera tilrettelegging og informasjon i området. Forvaltar legg innspela frå styret inn i utkast til besøksstrategi, og legg denne fram for styret i neste møte.

RS 6/17 Referat frå synfaring på ny sti mellom Solrenningane og Ålrekelvi 06.07.2017

RS 7/17 Oppsummering frå synfaring på stiar frå Tenne - Fossesete - Vatnavatni - Urdaskardet og til Hestfjellet

RS 8/17 Historikk om Stølsheimen

RS 9/17 Referat frå møte om besøksstrategi for Stølsheimen landskapsvernområde 21. juni 2017

ST 13/17 Delegerte saker

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 19.09.2017

Delegerte saker (DS) vart lagt fram til orientering.

DS 8/17 Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til landing med helikopter ved Hanekamstølen

DS 9/17 Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til utbetring av stølsvegen mellom Nese og Rosete

DS 10/17 Stølsheimen landskapsvernområde - løyve for Harald Arne Balevik til helikoptertransport til Hallsetstølen i Vik

ST 14/17 Stølsheimen landskapsvernområde - motorferdsel i samband med kvisting av skiløype

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 19.09.2017

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev Bergen og Hordaland Turlag løyve til å nytta snøskuter til frakt av kvist til fylgjande vinterruter:

- Trefall – Selhamar
- Selhamar – Åsedalen
- Vikafjellsvegen (rv.13) – Sendedalen – Selhamar
- Åsedalen – Solrenningane
- Solrenningane - Stølsdammen

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 6, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Løyvet gjeld kvisting før palmehelga i åra 2018, 2019 og 2020.
- Snøskuterkøyning skal avgrensast til det som er naudsynt for frakt av kvist.
- Under køyning skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv
- Transporten skal om mogleg skje utanom søndagar og helgedagar av omsyn til friluftslivet.
- Transporten skal gjennomførast på 1 til 2 dagar.
- Dersom Røde Kors Hjelpekorps har kjentmannstur i området, skal kvistinga gjennomførast samtidig og i samarbeid med dei for å redusera motorferdsla i området.
- Til kvistinga skal det nyttast kvist/greiner frå tresortar som veks naturleg i landskapsvernområdet.
- Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (mobil 97097720). Han vil gje melding om det må takast spesielle omsyn til villrein.
- Løyve til motorferdsel og køyrebok skal vera med under transporten. Køyrebok skal fyllast ut før kvar tur.
- Rapport med utfylt køyrebok skal sendast til sekretariatet innan 1. juni kvart år i løyveperioden.

- Løyvet kan verta endra i løyveperioden dersom det i løyveplan for Fjellheimen villreinområde kjem endringar på kvista vinterruter i Stølsheimen.

ST 15/17 Stølsheimen landskapsvernområde - enkel tilrettelegging av sti mellom Vatnane og Åsedalen

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 19.09.2017

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling til forvaltar.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev Bergen og Hordaland Turlag løyve å tilrettelegge stien mellom Vatnane og Åsedalen. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 4. Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Det kan settast opp steinvarðar frå Vatnavatni til Urdaskardet for å vise stien mellom Vatnane og Åsedalen. Bygging av steinvarðar skal ikkje få større omfang enn det som er naudsynt for å gjera det lett å finne fram og ivareta tryggleiken.
- Det kan settast opp 1-2 vegvisarpiler ved Vatnavatni som viser veg til Vatnane, Tenne og Åsedalen. Skilta skal vera etter ny nasjonal standard for merking av turstiar. Det skal ikkje vera skilt med T-merke på stien mellom Åsedalen og Vatnane.
- Stien kan ryddast for vierkratt langs Dagvatnet.
- Turlaget har ansvar for vedlikehald av stien, vardane og vegvisarpilene.
- Det skal sendast rapport til sekretariatet når arbeidet er slutført. Rapporten skal ha med bilde av skilt og nokre av vardane på stien.

ST 16/17 Stølsheimen landskapsvernområde - skilt ved kulturminne Halldorstuff`na

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 19.09.2017

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev Voss Utferdslag løyve til å sette opp eit namneskilt ved Halldorstuffa i Torvedalen. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 5. Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Skiltet skal ikkje setjast i eller på tufta, men i nærleiken av tufta.
- Skiltet skal vera i tre med utfrest namnet «Halldorstuff`na». Skiltet skal setjast på ein einerpåle.
- Skiltet skal ikkje festast med boltar i fjellet.

- Dersom det vert endringar på retningslinjene for merking i verneområdet, kan verneområdestyret krevje at Voss utferdslag skal fjerne skiltet.
- Voss Utferdslag har ansvar for tilsyn og vedlikehald av skiltet.

Dette løyvet er berre handsama etter verneforskrifta. Det må i tillegg innhentast løyve til å sette opp skiltet frå grunneigarar i området.